

Tyranny Could Not Quell Them

Norwegian

**GENE SHARP**

**TYRANNIET  
KUNNE IKKJE  
KNUSA DEI!**

*Om den norske ikkjevaldelege  
læraraksjonen under 2. verdenskrigen*

**FVKE FREDSPOLITISKE SKRIFTSERIE**

Ugitt av Folkereising mot krig

**3**

**Tyranniet kunne ikkje knusa dei**

© Peace News Trustees, London 1959

Originalens tittel: Tyranny Could Not Quell Them

© Norsk utgåve: Folkereisning mot krig, 1980

Omsett av Magne Kvalbein

FMKs fredspolitiske skriftserie takkar Peace News Trustees og Gene Sharp som vederlagsfritt har gitt løyve til utgiving av den norske utgåva.

ISSN 0332-6349

Trykk: FMK-trykk, Oslo.



FMK<sup>S</sup> FREDSPOLITISKE SKRIFTSERIE blir utgitt av Folkereisning mot krig (FMK). Skriftseriens oppgåve er å bringa fram i lett-  
fattedeleg form artiklar om antimilitarisme, ikkjevald og fredssak. Artiklane kan enten ha blitt offentleggjort tidlegare i andre forum, dei kan vera omsette frå andre språk eller dei kan vera eigenproduserte.

Lesarane er velkomne med manuskript, forslag, råd, og vink.

Skriftserien kan tingast i abonnement eller kjøpast enkeltvis. Eit abonnement på fire utgåver om gongen kostar kr 30,-.

Ekspedisjon laussal:

Folkereisning mot krig, Gøteborggt. 8, Oslo 5

Tlf.: (02) 38 12 35

Abonnement, administrasjon og redaksjon:

FMKs fredspolitiske skriftserie

v/Magne Kvalbein, Valsig, Rute 11, 2300 Hamar

Tlf.: (065) 50 310

Postgiro for abonnement m.m.:

2 34 17 17, FMKs fredspolitiske skriftserie,

Gøteborggt 8, Oslo 5.

Tidlegare utgitt:

Elling Tjønneland: Snu det om. Tale ved Folkereisning mot krigs  
40-års jubileum 12. november 1977. (1979)

Jon Grepstad: Krig i vår tid? Forsvar og fredspolitikk i 1980-åra.  
(1979)

GENE SHARP:  
TYRANNIET KUNNE IKKJE KNUSA DEI

- Om den norske ikkjevaldelege læraraksjonen under 2. verdenskrigen.

FMKs fredspolitiske  
skriftserie nr 3

Folkereisning mot krig, Oslo 1980

## F Ø R E O R D

Motstanden hos dei norske lærarane er eit av dei mest kjende innslaga i kampen mot den nazistiske okkupasjonen av Noreg under 2. verdskrigen. Denne motstanden var særst prega av kjensler, ikkje fordi kampen viste fram så mykje heroisme eller var av spesiell dramatisk karakter, men fordi den viser kva som skjer når ei gruppe vanlege borgarar reagerer i møtet med brutal terror. Det går også fram at denne motstandskampen var særst kjensleladd - som eit resultat av at desse borgarane ikkje var budde på at ein okkupasjonssituasjon skulle oppstå.

Dei som synte veikskap under denne kampen, vil sannsynlegvis aldri koma over det. Dei andre som fann uventa styrke i hjarta sine, vil kanskje alltid føla seg sterke.

Reisa til leiren i Kirkenes og det som hendte før det, er døme på prøver vi alle kanskje kan bli utsett for. Det vi hovudsakleg kan læra er at menneska er i stand til verkeleg å stå for det dei trur på og at dei peikar ut sine leiarar utan omsyn til korleis den militære situasjonen utviklar seg.

Det er av stor verdi at Gene Sharp, som den eksperten i studiar av ikkjevaldeleg kamp han er, har via interesse for Kirkenesferda. Så mykje meir fordi han er utlending. Studia hans avslører grundige kjennskapar til emnet og ei evne til å få fram dei viktigaste poenga som har tydnad for folk som spør seg kva verdi ikkjevaldelege motstandskampar kan ha for liknande situasjonar i framtida.

Professor Arne Næss  
Institutt for filosofi og idéhistorie  
Universitetet i Oslo

## ARRESTASJON

Kl. 6.00, 20. mars 1942, banka ein politikonstabel på døra til Haakon Holmboe. Konstabelen utførte ordrer frå nazi-regimet til Vidkun Quisling. Haakon Holmboe, som var lærar i Hamar, blei arrestert.

I løpet av denne og dei fylgjande morgonane blei omkring 1.000 andre skolelærarar frå heile landet arrestert. Dei var utvalde blant mange tusen lærarar som ope hadde protestert mot Quislings marionetteregime i den norske provinsen av Hitlers Tredje Rike.


Hendingane som oppstod under og etter desse arrestasjonane vil gå inn i historia som ein av dei modigaste og mest suksessfulle kampane mot diktaturvelde heilt opp til i dag.

## INSPIRERT AV GANDHI

Etter at arrestasjonane var unnagjort, blei Holmboe utpeika som leiar for motstandskampen for dei arresterte lærarane. Med sine gode språkkunnskapar tente han også som tolk for dei.

Han var ikkje pasifist, men han hadde lese litt om Gandhi og hadde høyrte foredrag av den engelske kvekaren John Hoyland som denne hadde halde om Gandhi i Danmark. Kjennskapet til at Gandhi og det indiske folket var i stand til å oppretthalda ei ikkjevaldeleg motstandsform utan våpen, gav han stor inspirasjon i alle dei prøvene han blei utsett for under den tyske okkupasjonen.

Eg møtte han mange gonger i heimen hans utafor Oslo, og dette er den historia han fortalde meg.



*Medlemmer av Quislings fascist-parti, Nasjonal Samling, marsjerer i Hamars gater. - Haakon Holmboe var lærar i denne byen og var kontaktmann for motstandsørsla inntil han blei arrestert i 1942.*

## OKKUPASJONEN

Trass i at dei fleste nordmenn var fredeleg innstilte, blei landet deira invadert 9. april 1940.

- Då krigen kom ... hadde vi ikkje neke val, sa Holmboe. - Men-  
neske med pasifistiske idéar blei overtrumpa av omgjendene og  
ein ny, uventa situasjon.

Dei blei møtt av ei klassisk problemstilling som pasifistar har  
stridd med til alle tider: "Det står ein innbrotstjuv ved døra di,  
og du må slåss mot han!"


Erklarte pasifistar i organisasjonen Folkereising mot krig  
neka likevel å gripa til våpen. Formannen deira, Olaf Kullmann,  
kjempa på sitt ikkjevaldelege vis, men måtte bøta med livet sitt  
i nazistisk konsentrasjonsleir i Sachsenhausen i Tyskland.

Men mange andre pasifist-sympatisørar som sterkt trudde på fri-  
dom og som i situasjonen ikkje hadde budd seg skikkeleg på annan  
kampform, gjekk over til vald.

Den organiserte militære motstanden heldt fram til 7. juni. Då  
var det nytteslaust med militær motstand lenger og dei norske  
styrkane kapitulerte. Kongen og regjeringa flykta til London og  
landet gjekk inn i ein fem års lang okkupasjon.

#### FORVIRRING

Denne artikkelen gir ikkje noko oversikt over all motstand som  
fann stad under desse åra. Den fortel i staden om ei viktig gruppe



Tyske tanks rullar inn frå Oslo hamn under invasjonen.



menneske innan det norske folket, nemleg lærarane, som ikkjevaldeleg kjempa mot Quisling-regimet - og vann!

Etter at den militære motstanden braut saman, kom ei tid med forvirring. Folket var ikkje budde på ein okkupasjon. Dei visste ikkje kva dei skulle gjera eller korleis dei skulle gjera det. Haakon Holmboe fortalde meg at sommaren 1940 var det så godt som ingen som kjende seg kalla til å gjera motstand.

Først ut på hausten, då Quisling gav ordre om at alle statstilsette måtte visa lojalitet mot det nye regimet, nekta mange å lystra ordrene. Som ris til eigen bak, oppførte hirden seg brutalt mot ordrenektarane, noko som berre førte til at dei fekk fleire sivile til å reisa seg mot regimet. Og i denne tida starta mange opp med illegal avisproduksjon og -distribusjon.

## MOTSTANDEN VEKS

I september 1941 fekk folk ordre om å levera frå seg radioapparat sine. Det gjorde også dei fleste. Men seinare blei små radioapparat smugla inn frå Sverige til bruk for motstandsleiarane. Holmboe var stolt over å ha blitt utvald som radioeigar.

Motstanden vaks nå som ein reaksjon mot valden til Quisling-regimet.

- *Det som eigentleg hjelppte oss mest i organiseringa av motstandsgruppene, var den aukande undertrykkinga frå nazistane.*

Og motstanden blei tilsvarande motstandsdyktig som okkupasjonen blei brutal.

## SYMBOLSKE AKSJONAR

- *Det var mangt vi fann på, som med det same virka uforståeleg og rart, sa Holmboe, men som fekk den funksjonen at det virka samlande på opposisjonsstyrkane.*

Men dersom styresmaktene hadde oversett desse tinga, ville dei ikkje fått nokon verknad i det heile.

Til dømes gjekk folk med binders i jakkeslaga som teikn på "hald saman!"

- *I klasseroma på høgare skolar bar studentane både halsband og armband sett saman av binders. Det provoserte nazi-venlege studentar. Slike demonstrasjonar var spontane og uorganiserte.*

Så kom ordrene om at slike "demonstrasjonar" var forbodne i skolane. Holmboe fekk ein dag beskjed om å peika ut studentar som



*Tyske soldatar på vakt i Slottsparken for å overvaka eit viktig trafikk-kryss i Oslo sentrum. Universitetet øverst til venstre.*

"kunne vera kledde som demonstrantar". - Det gjorde han, men starta med å peika ut ein uniformert nazi-student, berre for å ergra dei. I det han peika på hakekorset hans, irettesette dei han med at det var folk med binders dei var ute etter. Då spurte ein tilfeldig elev i klassen om det var forbode å bruka binders. Holmboe tok raskt ordet og svara at han ikkje visste skikkeleg, men han antok at binders på ein eller annan måte måtte vera noko fårleg i og med dette oppstyret, så det var best elevane begynte å laga hol i arka sine og heller hefta dei saman med ein tråd ...

Etter binders-forbodet la han merke til at elevane hans i staden hadde begynt å festa små poteter tredde inn på fyrstikker i jakkeslaga sine. Kvar dag blei desse potetene større - eit symbol på at den nasjonale motstandsørsla var i vekst.

Mange andre slike symbolske aksjonar kom til etterkvart, også den å bera eit pengemyntstykket i snor rundt halsen. Mynten var blankpolert på den sida det stod "H VII" - for Kong Haakon den 7ande. Den første arrestasjonen på grunn av desse aksjonane, var mot ein student som bar dette pengestykket. Ein liknande aksjon, men i mykje større skala, fann stad seinare under okkupasjonen. Det var på 70-års dagen til kongen. Då bar folk blommar i knapphola som symbol på lojalitet mot kongen og den lovlege regjeringa hans i

London.

Fleire hundre personar blei arrestert for dette. Mange av dei blei sitjande i fengsel eller i konsentrasjonsleir heilt til krigen var over. - Som elles under okkupasjonstida var det aldri noko samsvare mellom "brotsverkets" art og straffeutmålinga.

Mange nordmenn bar raude luer som teikn på motstand. Dette blei også forbode, sjølv om tyskarane eigentleg aldri visste kvifor folk bar desse luene. Luene var noko typisk norsk, og dei likna på dei raude nisseluene. For nordmennene var ikkje i tvil om kvar nissen ætta frå.

### INDIREKTE TRASSING

I skolane blei ulike nazi-tiltak parert av lærarane, men det blei ikkje oppvist direkte trass. Til dømes skreiv ein lærar ein gong til Undervisningsdepartementet og sa at han gjerne ville, slik det var gitt ordre om, riva ut sider i historiebøkene som inneheldt "propaganda". Men først ville han gjerne be departementet om råd for korleis han skulle bera seg åt utan også å måtta øydeleggja dei motståande sidene som ikkje inneheldt "propaganda".

Eit anna døme var på ein skole på Vestlandet. Skolestyrarane var gitt ordre om å sjå til at skoleborna lærte seg å respektera uniforma til Nasjonal Samling. Til departementet svara ein skolestyrar:

- Venlegst send oss eit eksemplar av uniforma Dykkar, då ho er heilt utkjend for oss her!

Allikevel var ikkje motstanden større på dette stadiet enn at tyskarane utan særlege vanskar klarte å oppnå kontrollen over folket. Det var ikkje så svært vanskeleg å finna folk til å arbeida for seg; heller ikkje til å få dei til å byggja militære anlegg!

### MOTSTANDEN FORMER SEG

Gradvis tok likevel motstanden form, og ein hemmeleg organisasjon med hovudkvarter i Oslo, breidde seg over heile landet. På hausten 1941 blei Holmboe kontaktmann for dei store austlandsbygdene med Hamar som base. Han måtte velja ut pålitelege kontaktpersonar for motstandsørsla i kvar yrkesgruppe i distriktet. Desse fekk ikkje kjennskap til kvarandre eller ha kommunikasjon seg i mellom.

Dette for at dei ikkje skulle kunna røpa einannan under harde avhøyr eller tortur.

Det beynte sjølv sagt med at fleire og fleire menneske tenkte på mogelege demonstrasjonsformer som kunne visa opposisjon mot regimet til Quisling og mot okkupasjonsmaktene. Hausten 1940 hadde fleire motstandsgrupper begynt å diskutera korleis dei skulle organisera kampen og liva sine dersom okkupasjonen skulle bli langvarig - i tretti eller førti år. Korleis dei skulle kunna ta vare på sin nasjonale eigenart i staden for å bli påverka av okkupasjonsmakta sine verdiar og livsstil.

- Ingen stad under alle desse diskusjonane blei idēen om ikkjevaldeleg motstand nemnt. I staden for ein idē, utvikla arbeidsforma seg ikkjevaldeleg. Eg trur ikkje vi nokon gong tala om ikkjevald som teoretisk tema. Vi følte berre at det vi var i stand til å gjera, måtte gjerast slik.

Som sagt, den folkelege stemninga gjekk meir og meir i mot okkupasjonen.

- Folk var budde til å ofra kva det enn var. Tida var mogen. Det var viktig for oss å koma med det fyrste utspelet, sa Holmboe.

## NAZIFISERING AV SKOLANE

Quisling-regimet hadde i mellomtida tenkt ut strategiar for å nazifisera folket. Dei hadde alt gjort spede forsøk på å introdusera nazi-ideologien i skolane. Til dømes gav Nasjonal Samling-regjeringa i februar 1941 ordre om at portrettet av Vidkun Quisling skulle hengjast opp i skolestovene. Men dei møtte sterk motbør blant elevar og lærarar. Styresmaktene innsåg då at slike ordrer ikkje lot seg realisera utan vidare.


## NY SAMFUNNSMODELL

Men så kom Quisling med forslaget om å omleggja samfunnslivet etter modell av Mussolinis korporative statsform i Italia. Forslaget blei først prøvt overfor lærarstanden. Tidlegare hadde lærarane sin yrkesorganisasjon blitt oppløyst av nazistane. Nå blei ein ny danna, og med sjefen for hirden som leiar. Ei forordning blei sendt ut som kunngjorde at alle lærarar automatisk ville bli medlemmer av den nye organisasjonen.

Samstundes blei ungdomsavdelinga til Nasjonal Samling danna. Den kalla seg "Ungfronten" og var ein modell av Hitlers ungdoms-

front i Tyskland, "Hitler Jugend". Alle ungdommar mellom 10 og 18 år fekk obligatorisk medlemskap i denne "ungfronten".

Tida for aktiv motstand var komen.



*Adolf Hitler og Vidkun Quisling*

#### UTFORDRINGA

Hovudpunktene som lærarane skulle yta motstand på, hadde allerede blitt bestemt. Etter at den gamle lærarorganisasjonen var blitt avskaffa i juni 1941, oppstod eit nytt anonymt leiarskap. Denne illegale gruppa formulerte ei liste med fire punkt som skulle stå sentrale i motstanden:

1. Alle krav om at lærarane skulle bli medlemmer i Nasjonal Samling.
2. Alle forsøk på å innføra propaganda for Nasjonal Samling i skolane.
3. Alle ordrer frå hald utafør dei lovlege skolestyra.
4. Alt samarbeid med ungdomsrørsla til Nasjonal Samling.

Desse fire punkta blei spreidd til alle lærarar i landet i desember og januar. Folk måtte pugga dei og dei var ikkje diskutabile. Sjølv om lærarane skulle bli fengsla, måtte dei ikkje gi opp motstanden mot desse hovudpunktene.

Dei såg på Quislings nye lærarorganisasjon som ein del av ein større nazifiseringskampanje. Det var ikkje vanskeleg å førestilla seg at det snart ville koma ordrer om at lærarane sjølve skulle i stå føre opplæringa i nazi-ideologien.

#### HEMMELEG MØTE

11. og 12. februar 1942 blei det halde eit hemmeleg møte i Oslo mellom motstandsleiarar. Dei såg på Quislings plan som det rette utgangspunktet å setja i gang den aktive motstandskampen på. Såleis delte dei lærarane sitt syn. Dersom dei godtok dette fyrste steget i nazifiseringskampanjen til Quisling, ville dei aldri sidan få ein like god sjanse til å starta motstandskampen. Då måtte dei også godta dei logiske konsekvensane av det fyrste steget. Og det kunne tyda ei avgjerande lamming av motstandsarbeidet.

#### DET FYRSTE MOTTILTAKET

Det blei avgjort at lærarane skulle nekta å bli medlemmer av den nye organisasjonen. Kvar lærar ville bli spurt om å skriva til Undervisningsdepartementet og melde frå at han ikkje ville ta del i den nye lærarorganisasjonen. - Ei slags kunngjering, kort, enkel og lett å hugsa, blei utforma som forslag til det lærarane kunne skriva i breva sine.

#### MELDINGA I FYRSTIKKØSKJA

Haakon Holmboe skildra kva metodar dei brukte for å spreia desse ordrene:

- Ein kamerat ringte meg opp ein ettermiddag. Han ba meg møta seg ved jarnbanestasjonen. Der gav han meg ei fyrstikkøskje. Han bad meg kunngjera vidare at vi lærarane måtte fylgja opp kursen leiarane våre i Oslo hadde staka ut. Alle mulige konsekvensar var blitt diskutert.

Deretter tok kameraten eit tog og forsvann.

- Fyrstikkøskja inneheldt kunngjeringa. Jobben min var å la ho sirkulera mellom lærarane i distriktet mitt. Det var alt eg foreløpig skulle gjera. Eg visste forresten ikkje kven dei "leiarane" var som møttest i Oslo.

Leiarane for lærarane sin motstandskamp var ikkje spesielt utplukka av nokon. Dei oppstod berre ut frå situasjonen. Folk som hadde brukbare idéar og forslag, blei høyrd på og lystra.

- Under kampen visste vi aldri kven ordrene kom frå. Ordrene blei utført fordi dei kom gjennom folk som hadde tatt leiinga.

Slik lydde kunngjeringa i fyrstikkøskja:

"Eg erklærer at eg ikkje kan ta del i undervisninga av Noregs ungdom etter dei linjene Nasjonal Samling har sett opp for si "ungdomsteneste". Det vil vera mot mi overtyding å vera med på det.

I samsvar med det leiarane for den lærarorganisasjonen har uttalt, så vil medlemskap i denne organisasjonen tyda at eg forpliktar meg å støtta opp om ei slik utdanning. Det vil også tvinga meg til å utføra andre handlingar som er i strid med mi yrkesære.

Eg finn det rett å erklæra at eg ikkje ser på meg sjølv som medlem av den nye lærarorganisasjonen."

Holmboe fortalde meg at det mellom lærarane var ei uttrykt kjensle av at "denne type passive reaksjonsmåten var fårleg og "dei" hadde nok sine metodar å stoppa oss på. Men det var også den einaste måten vi hadde til å uttrykkja vår opposisjon. Vi måtte berre gjera det!"

Isolerte lærarar i fjellstroka prøvde å setja seg i kontakt med lærarar i andre distrikt og høyra korleis dei ville reagera på kunngjeringa. Men dette var vanskeleg for dei fleste slik som kommunikasjonsmogleikane var. Det blei difor understreka at alle måtte stå personleg ansvarlege for handlingane sine.

Ein svært usikker og nervøs lærar frå eit fjerntliggjande distrikt, tok ein fjernvalsamtale med Holmboe og spurte om det var sikkert at alle andre lærarar også var med og fullførte planen. Denne samtalen kunne lett ha ført til at tyskarane hadde fått nyss i planane på eit tidlegare tidspunkt enn ynskja, då det var store sjansar for at telefonen kunne vera avlytta.

Men dei var heldige denne gongen. Brev fra alle lærarane blei postlagde ein og same dagen, 20. februar 1942.

## STOR OPPSLUTNAD

Mellom 8.000 og 10.000 av dei til saman 12.000 lærarane i Noreg på den tida lydde ordren og skreiv til Quislings Undervisningsdepartement og fråbad seg medlemskap i den nye lærarorganisasjonen hans.

- Dersom det hadde blitt så mange som fire eller fem tusen, så



*Haakon Holmboe saman med dottera Mari, kona Lotte, og sønene Jon og Jens i desember 1943. I 1951 var Holmboe fire månader i FN og to månader i England og Frankrike for på oppdrag av UNESCO å studera undervisninga av mellomfolkelege tilhøve i skolane.*

ville aksjonen ha blitt ein suksess, meinte Holmboe. Og han la til at dette var ein formidabel kjempesuksess.

- Det var også ei samvitssak. Vi kunne ikkje halda fram på den passive måten som tidlegare. Denne opne, direkte protestaksjonen var naudsynt om vi fortsatt skulle kunna sjå familie og vener i auga.

#### ANDRE AKSJONAR

Andre yrkesgrupper starta også opp liknande protestaksjonar. Dei statskyrkjelege biskopane, som alt tidlegare hadde protestert mot Nasjonal Samlings Ungdomsfront, la ned stillingane sine 24. februar ved å la vera å utføra sine andelege plikter. (Den ikkjevaldelege motstanden som kyrkjemennene stod bak, er ei anna soge som også fortener å bli fortald).

Same dagen protesterte også 150 universitetsprofessorar mot Ungdomsfronten til Nasjonal Samling.

Den 25. februar kunngjorde styresmaktene at lærarprotesten ville sjåast på som ein slags offisiell avskjedssøknad og dersom dei stod ved det dei hadde skrive i breva sine, så tydde det sparken.



## STENGJING AV SKOLANE

Den same dagen kunngjorde Undervisningsdepartementet at alle skolar skulle stengjast i ein månad "av mangel på fyringsmiddel".

Det var klårt som dagen at denne årsaka var falsk. Ved vår det vanlegaste fyringsmiddelet og skogane strekte seg mest langs heile landets lengde. Dessutan hadde nettopp mildare verlag sett inn etter ei sær hard sprengkulde.

Holmboe forklårte at regjeringa til Quisling var panikkslått. Ved å stengja skolane og gjennom å "avsetja" lærarane, vona dei å "vekkja" solidariteten og bryta ned motstanden deira.

Men resultatet vart at det frå heile landet kom tilbod om ved frå privatfolk. Han var gratis så opninga av skolane skulle ikkje kosta noko. På grunn av desse "brensel-fridagane" blei nyhenda om den verkelege årsaka, lærarprotesten, spreidd til alle og einkvar. For dei offisielle dagsavisene hadde ikkje skrive eit kløyve ord om lærarmotstanden. - Folk undrast kvifor skolane stengdest når ved var nok å ta av. Den rette årsaka blei såleis kjend.

## MOTTRUGSMÅL ...

Leiaren av den nye lærarorganisasjonen gjekk ut med ei melding om at det i dei og dei distrikta hadde 100 prosent av lærarane blitt medlemmer. Det han ikkje tenkte over, men som folk fort fann ut av, var at samtlige distrikt han hadde nemnt, var tyntfolka skolekretsar med berre ein eller to lærarar i kvar.

7. mars kom så det offisielle svaret på protesten. 300 lærarar skulle setjast til "sosialt arbeid i Nord-Noreg."

Fristen for å trekkja attende lærarkunngjeringa var 15. mars. Lærarar som ikkje overheldt fristen, blei truga med oppseiing, bøter eller pensjonering. Avisene skreiv til slutt om lærarprotesten, men bagatelliserte han bort. Åtvaringane, derimot, blei berre sendt direkte frå Undervisningsdepartementet til kvar einskild lærar.

Som svar på trugsmålet, gjorde motstandsørsla førebuingar til å understøtta lærarfamiliar som sat økonomisk vanskeleg i det. Fleire av desse hadde likevel tidlegare vore med på å betala to prosent av inntektene sine som bidrag til motstandsørsla. Snarare enn dei venta skulle dei få røynsla at det hadde vore hjelp til sjølvhjelp.

### ... OG NYE SVAR

Holmboe mottok 20.000 kroner frå ein av kontaktmennene i den illegale organisasjonen sin. Han veit ikkje ennå kvar pengane kom frå, men gissar dei var frå eksilregjeringa i London.

Ingen spurte etter eller venta å få kvittering for pengane dei gav. "Tilliten mellom menneska var forbausande stor" under heile okkupasjonen.

Medan "brensel-fridagane" pågjekk, starta lærarane undervisning i private heimar for å visa at dei var trugne mot yrket sitt.

Tusenvis av protestbrev frå foreldre og andre blei postlagt den 6. mars til Undervisningsdepartementet. Denne handlinga var organisert av motstandsleiarane. Pålitelege tal er ikkje tilgjengelege, men ein trur at bortimot 10 prosent av alle skolebarnforeldre deltok.

Tungt nedlasta, men smilande, bar postboda sekk etter sekk med protestbrev til Quislings Undervisningsdepartement. Ved å underteikna med namna sine, gav foreldra sine personlege bidrag "og blei opptatt i motstandskampen".

15. mars, siste dag for lærarane å trekkja breva sine attende, kom og gjekk. Lærarane trassa trugsmålet.

### MASSEARRESTASJONAR

Den 20. mars og dei fylgjande dagane blei så omkring 1.000 lærarar arrestert. Ingen kvinnelege lærarar var blant desse. Arrestasjonene fungerte heller ikkje som nokon terrorisering av folket.

Konstabelen som kom til Holmboe, var ein vanleg norsk politimann, ikkje eit medlem av Nasjonal Samling. Han var "særs høfleg" og venta ein heil time på Holmboe som gjorde seg klår til å bli med. "Diverse" førebuingar måtte også politimannen venta på at Holmboe gjorde før han kom med.


Seinare er det blitt diskutert korvidt politimennene burde gitt arrestordrene og liknande instruksar frå Quisling-regjeringa.

Utplukkinga av lærarar som skulle arresterast virka vilkårleg. Styresmaktene arresterte ikkje alltid dei dei frykta mest. Tilsynelatande tok dei dei veike som dei meinte lettare skulle bli audmjuke og medgjerlege. I arrest-gruppa var det difor mange dei trudde hørte til denne kategorien.

Det Quisling-regimet mest av alt ynskte, var å tvinga lærarane til offentleg å trekkja attende protestbrev.

## "FRIVILJUGE" ARRESTASJONAR

I mange høve var det opp til politiet å avgjera kven som skulle arresterast. Politikonstablar som ikkje var med i Nasjonal Samling, samrådde seg ofte med lærarane sjølve først. På ein skole ringte politiet til rektor og sa dei hadde fått ordre om å arretera åtte lærarar. Lærarane ved skolen samla seg til møte og avgjorde seg i mellom kven som skulle gå. Det blei då tatt nøye omsyn til slike ting som alder, helse og forsørgarbyrde. Då utvelgjinga var ferdig, ringte rektor attende og namngav dei politiet kunne arretera.



*Måltid under fengslinga i Hamar. Læraren som kan skimtast til venstre, var nær 60 år gamal. Haakon Holmboe sit til høgre nærast vindauget.*

Holmboe tilbrakte over ei veke i det lokale fengslet i Hamar saman med omkring 20 andre lærarar, derav åtte var frå hans eigen skole. Rektor på skolen var også arrestert. Deretter blei omkring 650 lærarar frå sør- og vestlandet oversendt til konsentrasjonsleiren på Grini. I løpet av forvaringa, mottok familiane deira tilsvarende pengesummar som det forsørgarane deira hadde hatt i løn. Berre tre personar gav etter mot trugsmålet om å bli sendt i konsentrasjonsleir. Resten stod på sitt.

## NYE TRUGSMÅL OG OPPHALD PÅ GRINI

Fire dagar seinare fekk dei ei ny åtvaring. Dersom dei ikkje trakk attende protestane sine, ville dei seinare aldri få att stil-

lingane sine, men få tvangsarbeid som anleggsarbeidarar.

Den tyske kommandøren på Grini, Sturmabführer Koch, fekk av lærarane oppnamnet "Stormfyrsten". Han bar alltid ei piske og gjekk alltid i fylgje med den store hunden sin.

Ein dag mottok lærarane eit sympatibrev frå motstandsørsla som blei smugla inn i leiren. Koch fekk nyss i dette og heldt ei preike for dei som slutta med desse orda:

*- De må ikkje tru de er martyrar eller at nokre få skitne lærarar er i stand til å stansa den nye europaordninga!*

Akkurat i det han uttalte siste ordet, kasta hunden hans opp!

## LIVET I NAZI-LEIREN

31. mars blei lærarane på Grini overført til Jørstadmoen ved Lillehammer. På fleire stoppestader langs jarnbanelinja samla det seg syngjande skolebarn då nyhenda om at fangetoget skulle koma oppover.

Lærarane, som blei frakta i fé-vogner, blei ført til ein fattigslig utstyrt konsentrasjonsleir på Jørstadmoen. Denne leiren hadde hastig blitt sett i stand for å isolera lærarane frå andre krigsfangar. Ingen politiske fangar hadde forøvrig blitt sendt i leir på Jørstadmoen tidlegare. I leiren var det nokre få sengebriskar, men utan madrassar og sengety. Primitive kokekar måtte dei laga av ting dei fann på ein skrothaug. Snøryddingsutstyr måtte dei også improvisera sjølv.

Holmboe var med i ei gruppe som blei oversendt direkte frå det lokale fengslet på Hamar. Frå 30. mars til 1. april blei alle fangane samla. Dei var då oppe i eit tal på 687 lærarar. Etter samlinga tok tyskarane til å organisera leirlivet. Lærarane blei delt inn i grupper etter alder og tilvist barakker. Tysktalande lærarar blei peika ut som gruppeleiarar. Tyskarane valde Holmboe som tolk. I løpet av dei fyrste dagane blei også Holmboe utvald som leiar og talsmann for fangane.

## FRYKTATMOSFÆRE

Gestapo skapte ein fryktatmosfære. Ordrene blei skrike ut. Lærarane blei slått for det minste påskotet og tvinga til å springa uansett kvar dei skulle hen. Denne terroriseringa hadde som mål å gjera lærarane redde og usikre.

Den tredje morgonen kunne ein plutseleg ikkje sjå ein einaste

tyskar i leiren. Ingen visste kva som skulle skje. Stor tryggløyse og spaning. For fangar som har overlata lagnaden i hendene på andre, var dette vanskelege stunder.

- Det hardaste, sa Holmboe, var ikkje det som skjedde, men det som kunne skje, og ventetida på at det skulle skje.

Kva ville dei gjera med lærarane? Ville det kanhenda vera betre å gi opp heile greia? Hadde protesten deira nokon verdi lenger, uansett kva som måtte skje? - Spaninga vaks.

Så sa ein av lærarane:

- Veit dykk kva dag det er?

Og nokre svara:

- Er dette den gode dagen då vi skal frigjerast frå lidningane våre? Nei, hugs berre kor Kristus leid.

Det var Langfredag!

Men om ettermiddagen starta "terrorismen" opp att. Det var ikkje den individuelle terroren nazistane elles var kjende for - også i Noreg. Denne var meir ei gradvis og langvarig "handsaming" med føremålet å bryta ned motstandsevna til lærarane.

## UTMATTING

Utsvelting og uttrøyting var dei viktigaste våpna. Til morgons fekk fangane berre ein kopp med erstatningskaffi. Om ettermiddagen ei varm vass-suppe. Tyskarane sjølve "organiserte" (leiruttrykk for å stela) dei fleste grønnsakene. - I tillegg fekk kvar fange 150 gram brød for dagen. Brødstykket gav ikkje meir enn 4 tynne skiver om ein delte det opp. Brødet blei servert om kvelden, og dei fekk ingenting å eta om morgonen. Difor måtte dei bruka all sin viljestyrke på å leggja litt til sides for frokosten - same kor alt svolten reiv og sleit i dei.

Nokon var såpass sjølvdisiplinerte at dei heile tida la litt av brødet til sides - til felles beste om matsituasjonen skulle bli prekær.

Kvar morgon var det halvannan time med "tortur-gymnastikk" bl.a. kryping og løping i djup snø. Mannfolk heilt opp i 60-års aldaren blei handsama "meir eller mindre som unge menneske". Deretter fylgde halvannan time med hardt arbeid - "idiotarbeid", kalla lærarane det - for det meste gjekk arbeidet ut på å skuffa snø frå den eine staden til den andre. Deretter blei ein halvannan time gjentatt med kryping og løping i snøen.



"Tortur-gymnastikk". Krypning i snøen med hendene på ryggen. Teikninga er utført av David Andersen, ein av fangane.

Folk som aldri har prøvt å springa i snø til knes, kan ikkje begripa kor mange krefter det tappar ut av ein.

Etter fire og ein halv time fekk dei ein times pause med lunsj - ein kopp varm vass-suppe.

Den første laurdagen, medan resten av fangane gjekk gjennom ettermiddagens "handsaming", blei 76 eldre lærarar - mellom 55 og 59 år - kalla inn til forhøyr.

Men på førehand hadde dei yngre lærarane gjort det klårt for dei, at dersom dei kjende seg nøydde til å gi opp, så ville det bli forstått og godtatt.

Men Holmboe kunne fortelja at etterkvart som den eine etter den andre i den eldste gjengen sa nei til "tilbodet" om å sleppa fri meir konsentrasjonsleir og "handsaming", blei tyskarane berre meir og meir forundra. For meininga med dette var klår: dersom dei eldre braut saman var det svært sannsynleg at det psykologisk sett ville få dei yngre til det same.

#### SKOLANE OPNAR ATT

Tyskarane sine røymsler med denne metoden slod feil, og det var berre å ta til att med "handsaminga" inntil ein fann på nye ting.

I mellomtida hadde Quisling førebudd seg på å opna skolane att. Styresmaktene kunngjorde at alle som begynte i arbeid att, automatisk ville bli registrert som medlemmer av den nye lærarorganisasjonen og medlemskontingenten ville bli trukken frå løna deira. Opninga i Aker og Oslo blei forseinka, men i alle andre distrikt opna skolane att 8. april.

Men i det lærarane meldte seg på jobben att, forkasta dei medlemskapet i Quislings lærarorganisasjon. Det fyrste dei gjorde var å gjera dette klårt for elevane og studentane sine.

Fru Holmboe var også lærar. Ho fortalde at situasjonen var svært spaningsladd. Kvar lærar tala ut frå samvit, sanningstrudom og ansvar for elevane. Men fru Holmboe var sjølv ikkje engsteleg for korleis det skulle gå med barna hennar om ho blei arrestert. Solidariteten med dei som alt var arresterte var sterk og ho visste at ein eller annan i motstandsørsla ville kunna ta hand om barna.

#### SJUKELEGE, MEN STEILE

Medan dette hendte, heldt "handsaminga" på Jørstadmoen fram. Fangane var ikkje vinterkledde og det fanst ikkje råd å få turka kleda når ein blei våt. To tilfelle av lungebetennelse oppstod. Ein lærarfange braut fullstendig saman og blei brakt til sjukeavdelinga. Det gjekk rykte om at han var død. Ein brysk offiser kom stormande inn til sjukesenga hans og spurte kva det skulle tyda at han låg der. Læraren, som ikkje var død, vann akkurat att medvitet - og svara:

- For lite mat, for mykje arbeid!
- Men dersom du berre gir etter, så vil alt ordna seg. Kvi for gjer du ikkje det?
- Fordi eg er norsk!

"Terrorismen" heldt fram utan stans. Søndag, måndag, tysdag. Kl 11.00 tysdag føremiddag blei forskjellige grupper kalla inn til spørsmål: "Vil du trekkja attende ...?" Dei eldste var alt gått ut att utan å svara. Deretter begynte dei andre å svara "nei!" i kor i det dei entra inn i avhøyrromet. Tyskarane fekk svar før dei hadde stilt spørsmålet.

- Som martyrar framfor avrettarane var vi, sa Holmboe.

I det minste var ein av dei mest uthaldande lærarane pasifist, viste det seg. Men pasifistar eller ei, dei heldt alle fast på si ikkjevaldelege motstandsform.

Berre 32 av dei 687 gav opp og blei brakt ut or leiren.

## TRUGSMÅL OM AVRETTING

Ei vanskeleg tid venta på lærarane som ennå ikkje var blitt arrestert, men som ennå viste motstand. Det gjekk rykte om at Gestapo ville skyta 10 av lærarane på Jørstadmoen, eller ein av kvar tiande, eller at dei alle saman skulle sendast til ingenmannslandet i nord mellom dei tyske og russiske troppane for å detonera landminer. Med andre ord gå ein sikker død i møte.

Alle desse ryktene hadde eitt sams: noko drastisk skulle skje med fangane dersom dei andre lærarane ikkje trekte attende protestane sine.

Sjølv sagt var det grunn for slike rykte. Nordmenn hadde blitt avretta både før og etter arrestasjonen av lærarane. Til dømes blei 18 unge menn som hadde prøvt å flykta til England, skotne på Grini. I Trondheim blei 34 kjende menn skotne ein og same dagen som hemn mot ein norsk sabotasjeaksjon mot tyskarane.

Dei "frie" lærarane stod framfor eit vanskeleg val. Skulle dei gi opp, eller halda fram med protesten? I siste fall måtte dei ta sjansen på at tyskarane ikkje berre lot vera å avretta lærarane på Jørstadmoen, men også familiane og venene deira, som det også hadde kome på tale for tyskarane å ta som gislar.

- Vi visste ærleg tala ikkje kva vi skulle gjera, sa fru Holmboe.  
- Men så brått bestemte vi oss. Eg var med i ein flokk hustruer som gjekk til lærarar som vurderte å gi opp, og sa: "Konene dykkar vil de skal halda fram. Vi vil ta sjansen!"

Holmboe sa til meg at dette var det sterkaste inntrykket han fekk under heile kampen.

- Vi som var arresterte, hadde ikkje vurdert handlingane våre så høgt som tydelegvis omgjevnadene våre gjorde. - Men eg er glad det ikkje var mitt val.

Terroriseringa, som hadde pågått sidan Langfredag, varte fram til den påfylgjande onsdagen. Snømarsjen gjekk nå ikkje lenger i det same harde tempoet og "idiotarbeidet" varte ikkje så lenge om gongen. "Torturgymnastikken" tok slutt. Fredagen skjedde ingenting.

Holmboe visste ikkje kva lærarane på Jørstadmoen ville ha gjort dersom "handsaminga" hadde pågått to eller tre dagar til. Eller inntil dei fyrste 10 hadde døydd av det. For ikkje å snakka om dersom dei hadde begynt med avretting.

Men det problemet slapp dei å ta stilling til. For opphaldet på Jørstadmoen var over. Alle saman blei ført bort frå leiren. 499 begynte på reisa mot nord. Dei andre blei sendt attende til Grini.



Holmboe skulle ha vore nr 500 som drog mot nord. Men han blei midlertidig halde attende fordi han hadde fått lungebetennelse.

Dei 499 starta på ferda i kuvogner mot Trondheim midnatt 12. april 1942.



### MOT NORD - I FEVOGNER ...

Den langsame togreisa gjennom Sør-Noreg var ei dramatisk hending for heile landet.

- At lærarane nekta å gi opp hadde stor innverknad for heile motstandskampen, sa Haakon Holmboe.


Bønder som hørde at toget kom oppover gjennom dalane, reiste ned til stoppestasjonane og viste lærarane støtte ved å tilby dei frisk mjølk. - Diverre dreiv tyskarane dei unna.

Etter 17 kalde timar i févognene, nådde toget Trondheim. Dei 499 fangane blei "lasta" ombord på ein liten dampbåt, "Skjerstad", eigentleg berre bygd for frakt av 100 passasjerar. Ein nazi-lege undersøkte tilstanden til passasjerane på båten - og blei alvorleg sjokkert. Han telegraferte på augneblinken til Quisling og bad om at reisa blei stansa. Men forespurnaden blei ignorert. Ein del lærarar var sjuke og det blei spurt om medisinar eller legar, men dei fekk ikkje svar. Raudekrossen prøvde også å hjelpa til, men blei hindra og halde unna av Gestapo-soldatar.


Ingen av lærarane kjente til lagnaden dei gjekk i møte. Mange tenkte at den over-lasta båten ville synka straks han kom ut i litt brå sjø. Nokon av dei var på det tidspunktet budde til å trekkja attende protestane sine, men dei blei faktisk ikkje spurt om det.

15. april forlot dampbåten Trondheim med ein hasardiøs kurs for Nord-Noreg. Ennå visste ikkje lærarane kvar ferda ville enda. Reisa varte i 13 dagar. Dei var innom land tre gonger. Maten dei fekk var mangelfull.

Men dei kom altså fram. Frykta for å synka eller for å bli seinka av dei allierte (båten bar hakekors-merke) var likevel ugrunna. Motet var stigande, ikkje minst fordi dei heldt saman ved å halda foredrag for kvarandre og ved å syngja allsongar.



*Dampbåten "Skjerstad" som frakta dei 499 lærarane i ei 13 dagers lang ferd til Kirkenes.*



*Tronge tilhøve ombord i "Skjerstad".*

28. april 1942 la dei til hamn i Kirkenes, tett ved den dengong tysk-russiske grensa. Veret var rått og kaldt. I løpet av tre dagar blei alle lærarane overlevert frå Gestapo til leiarane for Wehrmacht - den tyske hæren.

På Grini hadde i mellomtida fleire lærarar blitt internert på grunn av protestar mot den nye nazistiske lærarorganisasjonen. 153 av desse starta den 26. april på si reise mot Kirkenes, først i févogner, så med dampbåten "Finnmarken". Berre svært sjuke og mishandla av tortur, blei att på Grini.

#### QUISLING FREISTAR Å REDDA ÆRA

Då "Finnmarken" gjorde eit kort opphald i Tromsø, omkring 8. mai, fortalde ein gestapist lærarane om eit rundskriv av 28. april som var sendt ut av Quislings undervisningsdepartement. Rundskrivet var ei lang og ordrik kunngjering. Det fortalde at det nå var bestemt at dersom nå lærarane berre ville gi opp, så skulle aktivitetane til den nye lærarorganisasjonen bli stansa og skolane ville bli opna att.

Lærarane på "Finnmarken" blei spurt kva dei ville gi til svar dersom det blei høve til å ta standpunkt til rundskrivet. Dei svara at dei ikkje ville ta standpunkt før dei hadde samrådd seg med resten av lærarane i Kirkenes. Ingen ville trekkje attende protestane sine på dette tidspunktet.

Etter å ha gitt dette svaret, blei tre av lærarane - to av desse pasifistar - innlåst i celler på båten fordi dei spesielt hadde opponert mot forslaget i rundskrivet.

Etter desse hendingane skjedde ikkje noko meir dramatisk på "Finnmarken". Båten nådde fram til Kirkenes 11. mai med 147 lærarar - seks blei forlatt undervegs på sjukehus på grunn av alvorleg sjukdom.

I Kirkenes fortalde dei sist framkomne om rundskrivet. Flesteparten tolka det som ein freistnad frå Quisling-regimet på å "redda andletet".

#### DEN NYE LÆRARORGANISASJONEN

##### BLIR NEDLAGT

Men medan dette hendte, blei det heller ingenting av starten på den nye nazi-lærarorganisasjonen. Dette viste seg også ved at medlemskontingenten ikkje blei trukke frå lærarane sine løningar slik Quisling hadde varsla.

Den 7. mai opna også skolane att i Oslo, utan at det blei gjort represaliar mot alle dei lærarane som kunngjorde at dei ikkje godtok noko medlemskap i nazi-organisasjonen.

#### KUMMERLEGE KÅR I KIRKENES, MEN SYMPATISØRAR BLANT TYSKARANE


Lærarane i Kirkenes fekk dårlege fangevilkår. Det fanst ingen senger, madrassar eller møbler i leiren. Dei sov ei stund i barakker bygd for tyske soldatar. Berre nokre få lærarar hadde tatt soveposar med seg då dei blei arrestert - og dei kom godt med nå. Men seinare fekk dei kakkelomnar å varma seg på.



*I barakker i Kirkenes.*

Haakon Holmboe spurte den tyske offiseren om dei kunne få litt høy frå ein høystakk i nærleiken - til liggjeunderlag. Svaret var nei. Men ein sympatiserande soldat viste Holmboe korleis dei var-samt kunne erstatta høystråa i stakken med friskare gras slik at det ikkje skulle merkast svinn i stakken.

Handsaminga av lærarane var mildare nå enn på Jørstadmoen fordi det ikkje var så mange soldatar her. Imidlertid var det stor skort på helsepleie.



*Hyttene som 300 lærarar ei tid blei stuva inn i i Kirkenes. Teikninga viser ein snøstorm den 6. juni (!) 1942.*

## PÅ REVE-FARM

I juni måned blei lærarane flytta til ein ny leir som eigentleg hadde vore ein sølvrevfarm. I staden for barakker, måtte dei nå bu i tronge åttekanta hytter laga av tjukk kartong med tregolv. Taket var tetta med tjære, men veggane var ikkje sterkare enn at dei løysna frå rammene når dei blei våte i regnet. Ikkje utan grunn oppkalla lærarane leiren for "Pappenheimen".

Nokre få foretrakk revebura å liggja i. Bura bestod av netting i tak, golv og vegger - og eit treramme.

Omkring 300 andre blei stabla inn i hyttene. På låven stuva dei inn 40 mann, men då var det knapt med liggjeplass på golvet. Dei måtte sova på rekker med berre ein fots mellomrom.

## BRYGGESJAUING OG MATKNABBING

På bryggene i Kirkenes blei lærarane sett i arbeid. Trass i manglande røynsler, blei dei sett til å lossa skip som kom med bl.a. oljeforsyningar til tyskarane. Dei arbeidde på skift. Eine halvparten av fangane arbeidde 7 dagar, den andre 7 netter. Ingen fri-dagar.

På grunn av manglande opplæring i slikt arbeid, arbeidde dei

under risikofylte tilhøve. Ein lærar måtte då også bøta med livet, to menn mista kvart sitt auge, ein annan braut eine foten og begge armene sine.

Ein del av jobben bestod i å forsyna dei tyske troppene med lagervarer, for det meste mat. Dette gav fangane høve til å "organisera" mat til seg sjølve. Ja, dei klarte til og med som oftast å bringe mat med seg attende til leiren til dei som låg att på grunn av sjukdom.

Den "organiserte" maten varierte stort i kvalitet og kvantitet, men av og til fekk dei med seg både sjokolade, smør, syltety og sigarettar. Ein lærar klarte til og med å få sendt ein del av desse matvarene med posten heimover til familien sin utan det blei oppdaga. For folk i Sør-Noreg var matrasjonane blitt særskilte knappe, så dette bidraget kom vel med for mottakarane.

Men likevel, for det meste hadde lærarane for lite mat til seg sjølve. Og når dei blei tatt på fersk gjerning i å stela mat, blei dei sett i eineceller utan mat i fleire dagar.

Dei tyske soldatane var likevel dei største tjuvraddane og stol mykje, mykje meir enn lærarane. Ja, ein del av maten dei stol, nådde fleire gonger heilt ned til Berlin der den blei solgt for ublue prisar på svartebørsen.

Den sakna maten blei omsider ettersøkt. Og all skulda blei sjølv-sagt lagt på lærarane. Dei blei stilt opp på linje og utskjelt medan dei stolne varene blei borne ut or hyttene og lagt framfor dei. Men tru det eller ei, under avstraffinga klarte ein foretakande lærar å stela attende fleire av varene som låg framfor dei.

Haakon Holmboe meinte at desse "organiseringane", der dei til ein viss grad fekk ta att for den langvarige mishandlinga til tyskarane, gav dei mykje moralsk styrke til å halda ut. Ja, det tydde faktisk meir på lang sikt enn å stilla den verste svolten, meinte Holmboe.

I Kirkenes var det også samla ein del russiske fangar.

- Dei blei frykteleg mishandla, sa Holmboe, mange av dei blei skotne.

#### IKKJEVALDSAKSJONEN UMEDVITE STYRKA AV TYSKARANE

Det var ingen av lærarane som kjende seg spesielt heroiske eller særleg opptatt av siger eller tap under opphaldet i Kirkenes. Til

det hadde dei meir enn nok med å tenkja på å overleva frå den eine dagen til den andre. Dei var dårleg kledde for kulda. Holmboe meinte at ein god del av dei nok ville ha gitt opp, dvs. trekt attende protestane sine, etter ein månad eller to der oppe. Men etter at dei kom til Kirkenes var det faktisk ingen som hadde gitt dei høve til det. I og med at det såleis var "umogeleg" for dei å gi opp om dei hadde ynskja det, blei dei gjort til heltar i motstandskampen av det norske folket.

- På mange måtar blei sigeren vår til slutt organisert av fienden, sa Holmboe.

Deportasjonen av lærarane hadde hatt ein enorm effekt både hos det norske folket og hos Quisling-regjeringa. Og medan motstanden vaks som aldri før mot okkupasjonen og mot marionette-regjeringa, engsta Quisling og mennene hans seg meir og meir for kva som kunne skje. Quisling visste at dersom han tok hardare pressmidlar i bruk mot lærarane, så ville det berre resultera i ein ugjenkalleleg folkemotstand mot regjeringa.

Quisling hadde gode grunnar for å vera sint.

Den nye lærarorganisasjonen hadde vore pionérprosjektet i den store planen hans om å instituera det korporative statssystemet. Men lærarane hadde uroa planen hans på det grovaste.

Dette blei demonstrert betre enn nokon gong den 20. mai på Stabekk utafor Oslo. Vidkun Quisling kom til Stabekk Gymnas med bil denne dagen. Undervisningsministeren og rikspolitimeisteren fylgde han. Tjue medlemmer av hirden stod vakt kring skolebygningen. Lærarane ved skolen vart kalla saman og Quisling steig opp på talarstolen og gav seg til å halda ein kraftig utskjellings-tale for lærarane. Røysta hans kunne sikkert høyrast gjennom mureggane, så opphissa og høgrøysta var Quisling.

Han slutta "talen" sin med desse orda:

- DE LÆRARAR HAR ØYDELAGT ALT FOR MEG!

Denne setningen blei ein triumf for lærarane. Den blei raskt eit vidkjent slagord og sitert tallause gonger seinare.

Setningen tydde at lærarane hadde vunne. Dei hadde hindra iverksetjinga av heile den store planen om å byggja opp ein nazi-stat etter modell av Mussolinis statsform i Italia.

Quisling gav i sitt raseri ordre om å arrestera alle lærarane ved skolen. Den neste dagen gjekk også lærarar, som hadde vore fråverande ved Quislings besøk, til fengslet og bad seg arrestert for å vera saman med kollegaene sine.

## TIDA SNEGLAR LANGSAMT FRAM I KIRKENES

I Kirkenes gjekk det dagar, veker og månader. Den korte arktiske sommaren kom og gjekk og veret begynte å bli kaldare att.

Dagane og vekene og månadene passerte for folka i "utanomverda". Og lærarane gjorde som alle fangar gjer. Dei talde minutta i timar og timane i dagar. Og langsamt snegla dagane seg til veker og vekene til månader.

I desse dryge tidene for fangane i Kirkenes-leiren, gløymde likevel ikkje det norske folket dei. Motstandsanda vaks i takt med lidinga og motet til lærarane. At styresmaktene virka uforsonlege, berre auka styrken i motstanden. Dess lenger lærarane var deportert i Kirkenes, dess meir hugsa nasjonen på dei.

- Styresmaktene hjalp oss såleis til å vera meir motstandsdyktige enn kva elles ville vera mogeleg, sa Holmboe.

Våren blei til sommar og haust. Ennå tvang tyskarane lærarane til å lossa båtar. Men på den måten heldt dei også varmen. Dei organiserte ennå foredrag for kvarandre, komponerte songar og sang - sjølv



Marsj gjennom gatene i Kirkenes på veg til jobb. Marsjen var alltid lang og lærarane gjekk så langsamt dei kunne for å redusera sjølve arbeidstida og profitten tyskarane fekk av arbeidsinnsatsen deira. - Innbyggjarane viste respekt for fangane ved å stansa opp på gatene når fangane passerte.



om dei vanta musikkinstrument. Nokre laga sketsjar eller små teaterstykke. Andre måla (med innsnugla måling) eller teikna.

Det gjekk raskt mot ein ny vinter att i Kirkenes, byen høgt mot nord langt nordafor polarsirkelen. Trass i det harde livet og det kalde veret, var det praktisk tala ingen alvorlege sjuke i leiren. Ein tilla det arktiske verlaget ein stor tydnad for dette og meinte at kulda drap sjukdomsframkallande bakteriar.

#### DEI SJUKE FÅR REISA HEIM

Men om ingen var alvorleg sjuke, var det færre og færre som var i stand til å utføra det harde lossearbeidet på bryggene. Ein tysk lege undersøkte dei, og kanskje som eit resultat av rapporten hans, bestemte tyskarane seg for å senda heim att dei arbeidsuføre.

Lærarane vart nokså overraska av dette. Legane fylgde lærarrepresentantane sine råd, og fekk avgjarde 150 utplukka menn heim. Men kvelden før måtte dei gå til den tyske leiinga og skriva under på at dei var viljuge til å gjenoppta stillingane sine som lærarar og som medlemmer av den nye lærarorganisasjonen (som det altså ikkje hadde blitt noko av, men det visste ikkje lærarane).


Men før dei skreiv under, var dei i store samvitskonflikter. Sjølv om det berre var på slutten av august månad, så var veret blitt stadig kaldare. Vinteren stod for døra, og dei hadde ikkje tilstrekkeleg med klede til å overleva ein vinter. Altså: skulle dei nå etter fem månaders hard motstand, likevel måtta gi opp?

#### SÅRA OG SJUKE VEKK FRÅ FRONTEN

Lærarane heldt langvarige møter. Diskusjonen var prega av alvoret i stunda. Det var eit særst vanskeleg problem. Nokon argumenterte for at den enkelte fekk ta sine egne avgjerder. Men dei som sa det, var ikkje sjølv viljuge til å skriva under på erklæringa. Andre argumenterte med at når ein lever under ein krigstilstand, er det av og til naudsynt å trekkja delar av motstanden attende. Såra og sjuke blir jo i krig alltid trekte attende frå frontlinjene som ikkje-stridande, medan resten held fram kampen. Slik ville dei karakterisera situasjonen også nå.

Dette synet støtta også Haakon Holmboe. I tillegg var erklæringa dei skulle underskriva på tysk, og kampen deira var ikkje spesielt retta mot den tyske hæren, men fyrst og fremst mot Quisling-regimet.

Fleirtalet av lærarane vart samde. Dei tilrådde dei sjuke å underskriva erklæringa. Noko dei så gjorde. Men desse erklæringane



*Stabekk Gymnas, der Quisling innrømma sitt nederlag i kampen mot lærarane. (Biletet er frå 1959).*

forlot aldri leiren i Kirkenes. Dei blei heller aldri brukt som propaganda mot lærarane.

Slik blei 150 lærarar sett fri. Den 16. september 1942 blei så ei ny gruppe på omkring 100 lærarar sendt heim. Men desse blei av ukjende grunnar ikkje tvinga til å underskriva noko erklæring.

#### IKKJEVALDSKAMPEN SIGRAR - FANGANE FRIGITT

Haakon Holmboe var med i den gruppa som var att i Kirkenes etter at dei andre fangane var sett frie. Dei fekk ikkje vita nokon ting på førehand om kva som skulle skje med dei. Sjølv om tyskarane skulle bli viljuge til å setja dei også på frifot, begynte tida å bli knapp. Skipa som gjekk frå Kirkenes begynte å få hastverk. Det galdt å koma sørover før desember, dersom dei ikkje kunne venta til vårs. Det var ikkje is på havet som skapte problem. Det var mørketida. Ei sjøreise langs kysten av Nord-Noreg utan dagslys å orientera seg etter, var for risikofylt. På grunn av blendingsforboda var både husa på land og fyrtårna mørkelagde og ingenting ville átvara skipsførarane om skjær og undervassgrunnar.

Nervøsiteten breidde seg blant dei gjenverande lærarane. Temperaturen sank til  $-20^{\circ}\text{C}$ . Men brått - i all hast blei dei 400 fangane lasta ombord på ein dampbåt og starta på ei 16 dagars ferd mot sør. - Dei var i praksis frigitt.

Også desse slapp å underskriva erklæringa om å ta attende pro-

testane mot nazi-lærerorganisasjonen.

Etter frigivinga, spreidde rykta seg som eld i turt gras over heile landet. Det blei gjort kjent at mennene som heltemodig hadde trassa Quisling utan vald, var på veg heim att - utan å ha gitt etter mot han.

Frå Trondheim reiste lærarane med tog heimover. Folk møtte i hundre- og tusentals opp på jarnbanestasjonane etterkvart som toga rulla sørover. Ved den endelege ankomsten blei dei jublande mottatt. Dei fekk bu dei fyrste dagane på dei beste hotella - gratis sjølvsagt. Blomar og mat - mangelvarer - blei sendt til heimane deira.

### GJENSYN MED FAMILIEN

Haakon Holmboe kom heim att til Hamar den 20. november - nøyaktig åtte månader etter arrestasjonen. Gratulasjonane strøymde på, også frå mange han ikkje kjende personleg.

Trass i presset i månadene som var lidne, hadde kona hans, Lotte Holmboe, klårt å vera forholdsviss roleg.

*- Det var verre i 1939, sa ho, då Haakon blei innkalla til teneste i nøytralitetskorpset for å halda oppsyn med at dei krigførande ikkje krenka Noregs nøytralitet.*

Men seinare, då krigen var komen inn i landet, og Haakon blei arrestert to gonger, kjende ho seg rolegare og fatta situasjonen betre.

Ingen av lærarane eller familieane deira hadde tenkt på alt som skulle koma til å skje då lærarane tok til med protesten sin. Men røynslene deira viste i alle fall kva styrke det fanst i ikkjevaldeleg motstand.

Det var ikkje noko lita styrkemåling dei hadde vunne. Etterkvart som Quisling støyte på fleire vanskar med å innføra det korporative statssystemet, greip Hitler personleg inn og avbles alle vidare planar om ei slik statsform for Noreg.



## SEKSTEN ÅR ETTER

Året er 1959. Det er gått vel 16 år sidan læraraksjonen fann stad. Har ein oppnådd å sjå denne saka i eit større perspektiv på denne tida? Kva lærdomar har ein frå eksperimentet og kva tydnad kan dei ha i dag?

Haakon Holmboe svarar:

- Effekten av motstanden kom til uttrykk i hendingane som fulgte av aksjonen: Quisling sin plan om eit korporativt statssystem i Noreg blei stansa.

## STØTTA UTANFRÅ AVGJERANDE

- Men spørsmålet er: Under kva tilhøve er det mogleg å organisera ein slik type motstand?

- Etter krigens slutt blei vi fort klår over at opposisjonen vi viste, ikkje kunne ha blitt det den blei dersom vi ikkje hadde visst at det også var mange andre som kjempa den same kampen mot Quisling. Dei tyske anti-nazistiske lærarane sin situasjon illustrerer dette klårt. Dei hadde store vanskar med å yta motstand mot nazifiseringa i Tyskland. Det var nemleg ingen utafrå som støtta dei.

- Dersom vi hadde vore i same situasjon, til dømes i ein nasjonal borgarkrig, og vi skulle protestera mot Quisling-regimet utan støtte utafrå, ville vi aldri ha vunne fram.

## KVIFOR IKKJEVALD?

Lærarane valde ikkje den ikkjevaldelege motstandsforma på grunn av nokon religiøs nestekjærleikstanke mot fienden.

- Vi organiserte oss også militært under okkupasjonstida. Men det var berre i liten grad. Men faktum var at både eg og mange andre av lærarane var aktive i arbeidet med å organisera illegale militære grupper når vi hadde høve til det.

Eit personleg problem for Holmboe var dette: Dersom han ynskte at dei allierte landa skulle halda fram krigen mot Hitler, korleis skulle han samstundes agitara for at Noreg skulle avstå frå valdsbruk slik han sjølv gjorde, men føretrekkja ikkjevaldelege metodar?

- Vi brukte ikkjevaldeleg motstand fordi vi syntest ikkjevald var den einaste måten å arbeida på under dei spesielle omstenda vi var i.

## IKKJEVALDSKAMPEN KJEND I UTLANDET

Etter krigen fekk nordmennene høyra at den norske motstanden mot nazismen var blitt meir vidgjeten utanlands enn motstandsfreistnader ført av anti-nazistar i andre land. Dette kom overraskande på dei fleste. Holmboe meinte at dette rett og slett kom av at den norske motstandskampen lykkast betre enn tilsvarande motstand i andre land fordi kampen i Noreg blei ført på eit meir personleg plan.

- I ein aktiv organisert motstand er det svært viktig å engasjera folk personleg. For folk flest kjenner ein trong til å få utført noko konkret. Diverre finn denne trongen oftast uttrykk i vald. Og det er difor historia har gitt valdeleg kamp nemninga "helteaktig kamp". Det er eit faktum at valdelege gjerningar appellerer meir til det personlege; vi må difor gjera ikkjevald like personleg om folk skal bli engasjert.

Det ville ikkje ha vore mogeleg rett etter invasjonen i 1940, å organisera motstand slik som i 1942. Folket var ikkje førebudd på ein okkupasjon. Dei kjende ikkje til korleis dei skulle motstå okkupanten. Berre litt etter litt vaks ei kjensle av ynskjet om å finna motstandsformer eigna til verkeleg kamp.

- Folk var svært interessert i å få eit oppdrag som kravde handling. Dei kunne bli heltar berre dei blei arrestert for illegal aktivitet. Fengsel var ikkje noko offer å rekna mot det å kunna kallast "helt".

## SOLIDARITET OG ORGANISASJON

Oppbygginga av solidaritet var difor av viktigaste tydnad. I lærarprotesten var det avgjerande at kvar og ein kjende seg sikre på at "også andre ville handla som meg". Røynsla viste at illegal opposisjon i stor skala er avhengig av eit omfattande og sterkt kontaktsystem nettopp for at saker og ting skulle kunne finna stad i stor skala. Det eine stod og fall på det andre - gjensidig. Slik organisering hjelpte folk til å kjenna at dei ikkje stod åleine. Men også moralsk styrking var naudsynt for motstandsformene dei valde.

## MILITÆRFORSVARET I DAG NYTTESLAUST

### I EIN NY KRIG

Eg spurte Holmboe, dersom han var statsminister i Noreg i dag,

om han ville støtta landets forsvarspolitik med utgangspunkt i ein moderne krigs realitetar og hans eigne eksperiment med ikkje-valdelege kampformer.

Han svara:

- Eg trur det er nytteslaust å organisera forsvaret av Noreg slik dei prøver på i dag. Det er langt frå nok berre å førebu seg på ein situasjon som høyrer fortida til. Til dømes byggjer vi i dag tilfluktsrom i alle nye skolebygningar, men kven trur vi kan overleva ein moderne krig i framtida berre ved å gøyma seg for bombene?

Haakon Holmboe er ennå ikkje nokon erklært overtydd pasifist. Han utelukker ikkje heilt at militær trening kan vera naudsynt. Men han meiner også det kunne vera ein god idé å stifte eit spesielt "ikkjevaldsforsvarsakademi" der folk kan studera tidlegare døme på ikkjevaldeleg kamp og skapa planar med ikkjevald som verkty i forsvar mot eit nytt tyranni-velde.

Holmboe var ikkje sikker på kva resultat ikkjevald alltid vil gi, men meinte likevel ikkjevald fortente stor merksemd og at folk skulle bli opplært i korleis ikkjevaldeleg motstand føregår i ulike situasjonar.

- I tilfelle ein ny krig, er det sannsynleg at vi blir okkupert for kortare eller lengre tid. Militærforsvaret er ikkje innstilt på okkupasjon. Hovudmotstanden mot fienden skal berre ytast før og når han når landegrensa. Dersom fienden likevel skulle bryta gjennom, har vårt militærforsvar ingenting det skulle ha sagt. Det er difor viktig at ein førebur seg på motstandsformer i så god tid som mogeleg på førehand.

- Ein av dei beste måtane å førebu seg på motstand på under okkupasjon, er å engasjera folk til å kjenna ansvar i samfunnet. Slik er dei sjølv budde til å ta initiativ i krisetider.

Skulle slike situasjonar oppstå, meinte Holmboe, i lys av sine røynsler, det var viktig å finna måtar som kunne dramatisera og personifisera aksjonar. Og kanskje også gi dei eit helteaktig skjær om naudsynt, særleg overfor unge menneske som kan oppleva at "dei godt kan vera heltar, men utan å kjempa med vald".

- Vi gjer i dag alt for lite for å finna fram til tiltak som kan bli aktuelle i ein framtidssituasjon mot eit tyranni. Vår læraraksjon bør ikkje bli gløymd. Ikkjevald mot tyrannivelde er brukbart, det skulle vår kamp vera eit prov på!

## Biografi

GENE SHARP, som er Dr.philos. frå Oxford University, er for tida gjesteprofessor ved senteret for internasjonal politikk ved Harvard University i USA, og er samstundes professor i statsvitskap og sosiologi ved Southeastern Massachusetts University. I 1974-76 hadde han stipend frå Rockefeller Foundation for å forske i konflikter i internasjonale forhold.

Gene Sharp er forfattar til The Politics of Nonviolent Action (Boston: Porter Sargent Publishers, 1973), som i vide krinsar vart mottatt som ein klassikar og eit standardverk i studien av ikkjevaldeleg kamp som ein politisk teknikk. Også dei andre skriftene hans er prenta i store opplag og omsette til fleire språk.

Boka Gandhi as a Political Strategist (med innleiing av Coretta Scott King) kom ut i 1979 og Social Power and Political Freedom kjem tidleg i 1980. Han har samtidig ei rekke andre bøker under arbeid.

Gene Sharp er ein leiande talsmann for forskning og utvikling av sivilmotstand som alternativ forsvarsform, dvs. førebudd og innøvd ikkjesamarbeid og motstand frå befolkningen i tilfelle statskupp eller invasjon.

Sharp arbeider for tida med å utvikle eit forskingsprogram kring alternative sanksjonar når det gjeld konflikter, forsvar og andre nærskylde område.

Sharp har den filosofiske doktorgraden i politisk teori frå Oxford University og har embetseksamen i sosiologi og samfunnsvitskap frå Ohio State University. Han har tidligere budd i ti år i England og Norge. I Norge var han forskingsstipendiat ved Institutt for samfunnsforskning og førelas ved Institutt for filosofi og idehistorie ved Universitetet i Oslo.

Da han reiste attende til USA, var Gene Sharp forskar ved senteret for internasjonal politikk ved Harvard University i 1965-72, og ved programmet for vitskap og internasjonal politikk same stad i 1974-78.

Sharp har halde førelesningar og deltatt i internasjonale konferansar i Wales, India, Sverige, England og Ghana.

## *Litteratur - eit utval*

- Tore Gjeldsvik: Hjemmefronten. Den sivile motstand under okkupasjonen 1940-45. Oslo: Cappelen 1977.
- Magne Skodvin: "Den norske ikkevoldelige motstanden under den tyske okkupasjonen", i Adam Roberts (red.): Hele folket i forsvar. Oslo: Pax 1969.
- Lutz Mez: Ziviler Widerstand in Norwegen. Frankfurt am Main: Haag und Herchen 1976.
- Olav Riste and Berit Nøkleby: Norway 1940-45. The Resistance Movement. Oslo 1970.
- Hans Fredrik Dahl (red.): Krigen i Norge. Oslo: Pax 1974.
- H.O.Christophersen: Av nød til seir. Oslo: Grøndahl 1977.
- Helga Stene: "Den norske Læreraksjonen", i N.P.Gleditsch (red.): Kamp uten våpen. Oslo: Pax 1965.
- Jørgen Hæstrup: Den 4. våbenart. Hovedtræk af de europeiske modstandsbevægelsers historie 1939-45. Odense 1976.
- (Ei fylldigare litteraturliste kan m.a. finnast i: Theodor Eberts m. fl.: Demokratische Sicherheitspolitik. München: Carl Hauser Verlag 1974)



**GENE SHARP**

# TYRANNIET KUNNE IKKJE KNUSA DEI!

Om den norske ikkevaldelege læraraksjonen under 2. verdenskrig

FRÅG FREDSPOLITISKE SKRIVERE

dre motstandsheltar, menleg ikkevaldehelteane, om ein kan finne det det i den kampen lærarane i Norge gjorde mot okkupasjone og forsak på å nazifisera undervisninga med skolarne.

● GENE SHARP sin artikkel viser oss at det på utvalgte stader makten og medansvarane var sterke nok til å vinne hardt mot lærarane enn motstandskampen. I enkelte tilfelle då også det i enkelte motstandskampen frå første verdenskrig. Det vil si at lærarane hadde etterkvart fallt over på tysk side og dermed hadde gitt opp motstand mot den tyske okkupasjonen.

● For mange eldre lesarar vil bokhandlaren og forlaget sin om- og om-prøveause kamp vera kjend, og ein vil sjå i detaljar at det i dette heftet er prega av.

● For unge menneske, uten kjennskap til okkupasjons-tida, vil det vere neddomen og dei personlege opplevingane til hovudpersonene i forteljinga, læraren Håkon Holmboe, kunne gi ein viss forståelse for spørsmålet om korleis valdelege ikkevalde motstand kan vere.

● Forord av Anne Næs

● Den amerikanske samfunnsforskeren GENE SHARP si forteljing om læraraksjonen sitt bidrag til Quislings fall i Norge under andre verdenskrigen, føyen seg inn i rekkeja av alle dei tallause artiklane som er skrivne om vår okkupasjonshistorie.

● Men denne forteljinga skal seg ut for tradisjonelle historien om krigsheltars kamp og om utpønslag. GENE SHARP si forteljing dreier seg i staden om an-